



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling byggesak og geodata

KVINNHERAD KOMMUNE

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2020/3206-2		19.01.2021

## Varsel om vedtak - Omvikdalen barnehage - miljøretta helsevern

De får dette brevet på grunn av at miljøretta helsevern i november 2019 var med på ei synfaring av eit skogryddingstiltak som hadde vorte gjort i Omvikdalen barnehage. Det var leiar for prosjektavdelinga Anne Guri Haugerud Kildal som tok initiativ til denne synfaringa. Under synfaringa vart miljøkonsulent Synneve Skei fortalt av tilsette i barnehagen at i haugen der sklie er plassert, kom det ofte til syne metallbitar når borna leikar i området. Denne opplysinga synest miljøretta helsevern var så alvorleg at ei undersøking av jordmassane var viktig å få gjort snarast. Det har vore ukjent for miljøretta helsevern at barnehagen er bygd på ei tomt som tidlegare har vore brukt av ein mekanisk verkstad.

Vi orsaka for at brev om varsel om vedtak kjem til dykk så seint etter at dette vart opplyst til oss.

Eining for bygg og vedlikehald i kommunen har teke initiativ til å undersøkje jordmassane nærare. Ei kartlegging av jordforureining og tiltaksplan for forureina grunn er utført av Norconsult 16.01.2020. Sjå e-post med vedlegg om kartlegging.

### Frist for tilbakemelding

For at området med jordforureining skal verta friskmeldt vil miljøretta helsevern følgje opp saka der vi set ein frist for kor tid dette skal vera utført.

Vi varslar om at frist for tilbakemelding vert sett til 28.02.2021.

### Tilbakemelding på varsel om vedtak

Dersom det er behov for å koma med tilleggsopplysningar, eller brevet skulle være ukorrekt på enkeltpunkter ber vi om tilbakemelding innan 14 dagar frå mottaksdato.

Vi ber barnehagen om ei skriftleg tilbakemelding på at avvika er retta og ei beskriving av gjennomførte tiltak innan fristen 28.02.2021. Skulle det ikkje la seg gjere å rette avvika innan fristen, ber vi om ei tilbakemelding om årsaka og ein tidfesta handlingsplan for når avviket vil verta retta.

Ved manglande tilbakemelding og gjennomføring, vil eit rettevedtak verta sendt. Rettevedtaket er heimla i folkehelseloven § 14.

**Lovverk og forskrift:**

Folkehelseloven, Kap. 3

Forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler mv.

**Vegleiar til forskrifta:**

<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/419/Miljo-og-helse-i-barnehagen-Veileder-til-forskrift-om-miljorettet-helsevern-i-barnehager-og-skoler-IS-2072.pdf>

Med helsing

Synneve Skei

*Konsulent miljøretta helsevern*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til:

Kvinnherad kommune v/Knut Bjørgvik

Kvinnherad kommune v/Anbjørn Høivik

Mottakarar:

KVINNHERAD KOMMUNE